

## INFORMASJONSSKRIV

Til: Deltakarane i Brestøvegen

Frå: Arbeidsgruppe for veg vil Naustvågen

Vi viser til informasjonsskriv av 17. oktober 1993, og Dykkar erklæring om å delta i vegprosjektet til Naustvågen. Nå er arbeidet med vegen gong.

Vedlagde liste viser kven som deltek i finansieringen av vegen.

Som de ser deltek dei 14 hovudbrukseigarane pluss dei 6 med rettar ved sjøen rundt Naustvågen. I tillegg deltek Bjarne Hella for å få vegutløysing fram til hytta si.

Vegen går opp langs etter Brestøa, og vi har difor kalt prosjektet «Brestøvegen».

### **Anleggsstart - innkalling av kapital**

Entreprenøren, Gunnvard Hole, tok til med arbeidet 16. mars 1994. Han reknar med å gjennomføre prosjektet utan avbrekk, og vil vera ferdig rundt 1. mai 1994.

I følgje finansieringsplanen kallar vi inn kr. 5.000 i to omganger. Første avdrag, kr. 2.500, ønskjer vi sett inn på postgirokonto rundt 1. april d.å., resten rundt 1. mai 1994. De kan gjerne betale alt inn i ein omgang.

Bertin Hella er kasserar for prosjektet, og vedlagte postgiro er difor skriven ut på Brestøvegen, v/Bertin Hella, 5120 Manger.

### **Sluttmerknader**

Så får vi håpe at deltakarane og andre vil få nytte og glede av Brestøvegen. Våre forfædre la grunnlaget i utskiftinga, men dei makta ikkje å byggja den. I dag kan prosjektet realiserast relativt enkelt med overkommelege kostnader. Vi er mange som er glade for at denne veistubben no kan byggjast. La oss difor lykkeønskje kvarandre!

Manger, 17. mars 1994.

Med helsing

Øystein Berge

Nils M. Harkestad

Gunnvald Hella

Tore Morland

Bjarne Sture